



Harald Sætre, uskedelingen som har ofra svært mykje tid på dei gamle fjordabåtane, kjem heim laurdag.

Han signerar og sel boka han har skreve om båtane og spesielt då om restaureringa av Stord I og Granvin.

Møtet med Sætre (som står på Sandakien på biletet) er frå klokka 11 til 14 på SPAR.

Dei som er medlemmer i Veteranskipslaget eller ynskjer å bli det, får boka til redusert pris.

Tiltaket skjer i samarbeid med Uskedalen Utvikling og lokale medlemmer.

Sætre har ikkje berre gjort eit stort og verdifullt arbeid for fartyvernet, han har også vore med og gjort bygda vår kjend på det nasjonale plan.

(Foto: Kristian Bringedal)